



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO  
Att: Anne Johanne Rognstad

## Svar på høring av søknad om løyve til å bygge Herrefoss kraftverk i Bø kommune i Telemark

Fylkesmannen fremmar motsegn mot utbygging av Herrefoss kraftverk. Dette er grunngitt i at konsekvensane av ei framtidig utbygging, etter Fylkesmannen si oppfatning, er mangelfullt utreda og at utbygginga vil vera i konflikt med viktige naturkvalitetar i området, spesielt førekomst av storaure (av nasjonal verdi) og elvemusling (raudlista som «sårbar»/VU). Samla sett meiner Fylkesmannen at dei utredningane som er lagt fram så langt tydar på at dei samfunnsmessige fordelane ved utbygginga ikkje veger opp dei negative konsekvensane for det biologiske mangfaldet i området.

Vi viser til brev motteke her 11. februar 2016 med høring av konsesjonssøknad om løyve til å bygge Herrefoss kraftverk i Bø kommune i Telemark.

### Bakgrunn

Herrefoss kraftverk AS søker om løyve til å bygge Herrefoss kraftverk i Bøelva i Bø kommune. Herrefoss ligger ca. 1,7 km nedstrøms Seljordsvatnet og er ei grein av Skiensvassdraget. Kraftverket skal nytte eit fall på 11,3 m frå inntaket på kote 115 til kraftstasjonen på kote 103,7. Ved Herrefoss går elvea i to løp, inntaket er planlagd i det austre løpet og det er planlagd en sperredam i vestre løp. Tilløpsrøret blir 35 m langt, og er planlagd som ein nedsprengd kulvert som skal dekkast til på heile strekninga. Vassvegen skal liggje på austsida av Bøelva. Middelvassføringa er 23,1 m<sup>3</sup>/s, og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 32 m<sup>3</sup>/s. Installert effekt vil være 3,1 MW med ein estimert årsproduksjon på 16,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ein 50 m lang elvestrekning i fossen (austre løp) og ein 200m lang strekning i vestre løp. Det er søkt om slepp av minstevassføring på 1 m<sup>3</sup>/s om sommaren (perioden 1.5 - 30.9), og om 0,1 m<sup>3</sup>/s om vinteren (perioden 1.10 - 31.4). Inntaksdammen vil medføre ein viss magasinering og oppstuvning på 1/3 av elvestrekningen mellom Herrefoss og Seljordsvatnet.

Tiltaket er vurdert i konsekvensomtalen i konsesjonssøknaden å vera negativt for storaure, som gyter på denne strekninga i Bølva. Strekninga oppstrøms nytt magasin til utløpet ved Seljordsvatnet regnes som eit særskilt godt gyteområde for storauren. Tiltaket er også vurdert å vera negativt for elvemusling. Begge arter vil påverkas mellom anna fordi inntaksdammen vil medføre ei oppstuvning i elva oppstrøms fossen. I tillegg vil strandvegetasjon gå tapt, og fossekall og vintererle vil kunne miste sine reirplassar. Herrefoss som landskapselement vil miste mye av si verdi store deler av året. Ein eventuell utbygging av fossen vurderas derfor i konsekvensvurderinga som middels negativ for det biologiske mangfaldet.

Skiensvassdraget har i meir enn 100 år vært nytta til vasskraftproduksjon. Bølva har sidan 1970-talet vært påverke av kraftreguleringane oppstrøms Seljordsvatnet. Det er i dag omfattande regulerings- og overföringssystem i forbindelse med eksisterande vasskraftanlegg i vassdraget, først og fremst knyta til Sundsbarm kraftverk. Det planleggas også nytt kraftverk ved Oterholtfossen i Bølva.

### **Verknader på biologisk mangfold – i hovudsak storaure og elvemusling**

Influensområdet er godt undersøkt når det gjeld vasskvalitet og botndyrfauna. Det er påvist betydelege førekomstar av elvemusling frå Hagadrag til Herrefoss og elva mellom Seljordsvatn og Herrefoss er viktig for fleire artar, mellom anna storaure. Utbyggingsplanane vil endre straumtilhøva i influensområdet, særlig på låg vassføring. På grunn av inntaksdam/terskel i fossen vil det bli ei oppstuvning av vatn oppover i elva forbi Hagadrag. Det vil vera størst effekt nedst og i minkande grad oppover i elva, mot Seljordsvatnet.

Økt sedimentering av finstoff vil vera negativt for botndyr som treng stein og grusbotn og god tilgang på oksygen. Mindre straum langs botnen kan også påverke gytevilkår for storauren, da finare sediment oppstrøms Herrefoss vil kunne føre til at viktige gyteområder går tapt for storauren. Konsekvensvurderinga konkluderer med at storauren vil få redusert sine gyteområder med ca. ein tredjedel. Storauren i Seljordsvatnet er i dag allereie påverka av endra gyteforhold som eit resultat av Sundsbarmreguleringa. Endra forhold i Vallaråi etter reguleringa er årsak til dette. Gyteområdene i Bølva nedstrøms Seljordsvatn er særskilt viktige. Det er kun registrert 7 utløpsgytande populasjoner av storaure i Norge. I Telemark er det registrert 2 slike; ved utløp Seljordsvatn og utløp Tinnsjøen. Områda har nasjonal verdi etter dei kriteria som er lagt til grunn, det vil seie at dette er gyte- og oppvekstområde for storaurestamme som er definert som sikker (ref. Mdir 1997). Dette gjer området til ei elv av stor verdi for storauren.

Elvemusling er i kategori sårbar (VU) på Norsk raudliste for arter 2015. På IUCN (International Union for Conservation of Nature) sin globale raudliste er den i kategori sterkt trua. Vidare er den på Bern-konvensjonens liste III over arter det skal tas spesielt omsyn til, og arten er ein ansvarssart for Norge. Elvemusling er også gjennom naturmangfaldlova gitt nemninga prioritert art, og dette gir ytterligare beskyttelse. I *Forskrift om elvemusling som prioritert art* er det stadfesta at «*Enhver form for uttak, skade eller ødeleggelse av elvemusling er forbudt. [...] Som ødeleggelse regnes nedbygging, graving, vesentlig vannuttak og forurensning, samt andre handlinger som er egnet til å skade, forstyrre eller på annen måte forringe individer eller muligheten for reproduksjon av arten.*» Professor Jan Heggenes (Høgskulen i Telemark) opplyser at det er funne store mengder elvemusling i elva ned mot Herrefossen. Bølva og

Hjartdøla er dei viktigaste lokalitetane for elvemusling i Telemark og har stor betyding for arten på nasjonalt nivå. Tiltaket vil med stor sannsyn være særslig negativt for elvemusling. Særleg vil oppstiving med sedimentering i elva virke negativt, da meir finstoff i botnsediment vil gje dårlagare vilkår for muslingen som lever nedgrave dei første åra. I denne tida er elvemuslingen avhengig av nokså grov grus for å få tilgang på tilstrekkeleg med oksygen.

Forutan aure har ålen vore den viktigaste fiskearten i Bøelva. Kraftverket kan gje problem for ål, både under oppvandring og utvandring. Særslig ved utvandring vil ål kunne bli kutta opp ved passering i turbinane.

Herretjønna ligg langs den delen av elva som vil få ei permanent heving av vasstanden, slik vi oppfattar saken. Herretjønna er vurdert som en naturtypelokalitet med B-verdi jf. Naturbase, med naturtypen «evjer, bukter og viker». I området finnes bl.a. ein flomdam som ikkje er undersøkt. I fylgje Naturbase er det eit visst potensial for raudlisteartar av augestikkjarar og andre ferskvassorganismar i området, men dette er ikkje nærmere undersøkt. Permanent heving av vasstanden i denne delen av Bøelva vil truleg påverke naturverdiane i området negativt. Dette er ikkje omtalt eller vurdert nærmere i fagrappoen for biologisk mangfald (Faun 2012).

Derimot er tiltaket vurdert med tanke på vintererle, kvinand og fossekall. Tørrlegging av fossen, redusert vasshastighet, og auka sedimentering vil, i fylgje fagrappoen, truleg virke negativt på dei tre artane, som alle nyttar området som hekkeplass eller overvintringsplass.

### **Samla belastning og eksisterande inngrep**

Ved vurderinga av konsekvensane av tiltaket skal den samla belastninga økosystemet vert utsatt for vurderas, jf. nml. §10. Det betyr at tiltaket må vurderas på bakgrunn av allereie gjennomførte inngrep i Skienvassdraget og effektane disse tiltaka allereie har på økosystemet. I vassdraget oppstrøms Norsjø er det i dag eit stort kraftverk (Sundsbarm frå 1970 med installert effekt 111 MW), eit mindre kraftverk (Grunnåi kraftverk med installert effekt 14,8 MW) og noen små kraftverk kor Otreholtfoss på 0,85 MW er det eldste. Seljordvatnet er i dag regulert med 1 m for å sikre minstevassføring til Bøelva på  $4,5 \text{ m}^3/\text{s}$  om sommaren. Skienvassdraget er i si heilskap prega av den omfattande vasskraftutbygginga som har forgått etter 1950. Vi vil også nemne at det er betydelege drikkevassinteresser oppstrøms Herrefoss. Bø kommune har si grunnvassforsyning frå området ved Herremoen. Mulige konfliktar knytt til drikkevassforsyninga må derfor også gjerast greie for.

Fylkesmannen vil understreke viktigheten av å sjå heilskapen i vassdraget og meiner derfor at konsesjonssøknaden for Herrefoss kraftverk bør sjåas i samanheng med en eventuell revisjon av Sundsbarmreguleringen.

### **Fylkesmannens vurdering av konsekvensane for naturmangfaldet**

Fylkesmannen meiner at dei utredningane som er lagt fram så langt tydar på at dei samfunnsmessige fordelane ved utbygginga ikkje veg opp for dei negative konsekvensane for viktige naturkvaliteter i området. Spesielt gjeld dette førekomstane av storaure og elvemusling. Storaurebestandar representerer store biologiske og kulturelle verdiar og skal i forvaltingssamanheng tilleggast stor vekt (DN 2001-15). Storaure nemnes spesielt i fleire

sentrale dokumenter knytt til vasskraftutbygging. Elvemusling er inne på Norsk raudliste 2015, og er i tillegg ein prioritert art i naturmangfaldlova. Dette gir den særleg vern.

Vi viser også til § 5 i naturmangfoldloven der det stadfestas at artar og deira genetiske mangfald skal ivaretakas på lang sikt og at artene skal finnast i levedyktige bestander i sine naturlige utbreiingsområde. Så langt det er naudsynt skal også artenes økologiske funksjonsområder og dei andre økologiske vilkår som dei er avhengige av ivaretakas for å nå dette målet.

Sedimentering og tilslamming i elva vil kunne resultere i dårlige forhold for storaure, botndyr, insektslarvar og elvemusling. Igjen vil dette kunne påverke anna biologisk mangfald, som fuglar. Dei biologiske konsekvensane av utbygginga for fisk, elvemusling og andre artsgruppar knytt til vassdraget er usikre, mellom anna fordi det er usikkert kva endringar i oppstuvninga/tilslamminga av sediment vil føre til for botnsubstratet i elva. Konsekvensane av ei framtidig utbygging er etter Fylkesmannen si oppfatning mangelfullt utreda når det gjeld sedimentering av finstoff, og påverknadane dette vil ha på storaure, aure, botndyr og elvemusling på strekninga mellom Herrefoss og Seljordsvatnet. Naturmangfaldlova § 10 seier at offentlege avgjerd som røyrer naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg byggje på venskapeleg kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypars utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader. For å tilstrekkeleg kunne vurdere ein eventuell utbygging og dei påverknader på elvemusling og fisk som fylgjer av dette krevjas ein detaljkartlegging av korleis oppstuvning/tilslamming, redusert vassføring og auka vassdekt areal vil påverke områder med rekrutterande elvemusling eller gyte- og oppvekstområder for fisk, samt anna biologisk mangfald. Vi meiner derfor at kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkelig, jf. nml. § 8 om kunnskapsgrunnlaget. Vidare seier § 9 (føre-var prinsippet) at tiltaket ikkje kan gjennomføras så lenge tiltakets påverknad er uavklart.

**Konsekvensane av ei framtidig utbygging er, etter Fylkesmannen si oppfatning, mangelfullt utreda og utbygginga vil vera i konflikt med viktige naturkvalitetar i området. Spesielt gjeld dette førekomst av storaure (av nasjonal verdi) og elvemusling (raudlista som «sårbar»/VU). Med bakgrunn i dette har Fylkesmannen motsegn til forslaget om utbygging av Herrefoss.**

Med helsing

Hans Bakke  
Miljøverndirektør

Arne Kjellsen  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*

Kopi til:

Miljødirektoratet    Postboks 5672 Sluppen    7485 Trondheim